

# St.prp. nr. 13

(2007–2008)

## Om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Kommunal- og regionaldepartementet

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 16. november 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet legg med dette fram forslag til omprioriteringar og tilleggsøyvingar i statsbudsjettet for 2007.

### 2 Forslag til endringar

**Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar**

**Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot**

*Post 90 Tilbakeføring av forskot*

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2005-2006) fekk Kommunal- og regionaldepartementet fullmakt til å løyve inntil 250 mill. kr i 2006 som forskot på rammetilskot for 2007 til kommunane. Rekneskapen for 2006 viser at det blei utbetalt 27,209 mill. kr i forskot på rammetilskot til kommunar. Utbetalte forskot i 2006 skal tilbakeførast til staten i 2007. Derfor blir det foreslått ei løyving på 27,209 mill. kr på kap. 3571, post 90 Tilbakeføring av forskot.

**Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg**

**Kap. 580 Bustønad**

*Post 70 Bustønad, overslagsløyving*

Bustønaden er innretta slik at husstandane med dei lågaste inntektene og høgaste buutgiftene får mest i stønad. Samansetjinga av bustønadsmottakarane har endra seg noko i løpet av 2007. Årsinntektene til dei som har fått innvilga bustønad er noko lågare og buutgiftene noko høgare enn venta. Vidare har talet på mottakarar i 1. termin 2007 auka. Derfor blir det foreslått at kap. 580, post 70 Bustønad blir auka med 31 mill. kr, frå 2 321,5 mill. kr til 2 352,5 mill. kr.

**Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak**

*Post 21 Kunnskapsutvikling og formidling*

Utgreiling og forsking på bustadområdet blir finansiert over posten. Einskilde av oppdragene er omfattande og komplekse, og tek lengre tid enn venta. Derfor blir det foreslått at kap. 581, post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling blir tilførde stikkordet «kan overførast» i 2007.

**Kap. 587 Statens bygningstekniske etat***Post 1 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer blant anna utgifter til ordninga med sentral godkjenning av verksemd for ansvarsrett. Ordninga skal vere sjølvfinansierande, det vil seie at auka utgifter skal dekkjast av auka inntekter. Statens bygningstekniske etat har auka oppfølginga av verksemndene som deltek i ordninga. Gebyra blei derfor auka frå 1. juli 2007 med kr 300 til kr 1400. Derfor blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 587, post 1 Driftsutgifter med 4,7 mill. kr, frå 38,8 mill. kr til 43,5 mill. kr, mot ein tilsvarende auke av kap. 3587, post 4 Gebyr.

**Kap. 3587 Statens bygningstekniske etat***Post 4 Gebyr*

I tråd med foreslått tilleggsløyving på kap. 587, post 1 Driftsutgifter, blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 3587, post 4 Gebyr tilsvarende med 4,7 mill. kr, frå 15,2 mill. kr til 19,9 mill. kr.

**Kap. 2412 Den norske stats husbank***Post 72 Rentestønad*

Rentestønad går til å dekkje eldre særvilkårslån som har eitt prosentpoeng lågare rentesats enn gjeldande flytande rente i Husbanken. Forseinkingsrenter blir trekte frå rentestønaden. Nye prognosar tilseier ein lågare del forseinkingsrenter og at utfasinga av låneporofoljen tek meir tid ein venta. Det blir foreslått at kap. 2412, post 72 Rentestøtte blir auka med 1 mill. kr, frå 20 mill. kr til 21 mill. kr.

**Kap. 2412 Den norske stats husbank***Post 90 Lån til Husbanken, overslagsløyving*

Det blir forventa at om lag 1 500 mill. kr av lånearamma til Husbanken på 13 000 mill. kr ikkje vil bli nytta i 2007. Hovudforklaringsa er at lånevilkåra på den private kreditmarknaden er gode. Låneverksemnda til Husbanken skal vere supplerande og ikkje konkurrerande. 45 prosent av ramma blir forventa utbetalt i 2007. Derfor blir det foreslått at løyvinga på kap. 2412, post 90 Lån til Husbanken

blir redusert med 675 mill. kr, frå 11 088 mill. kr til 10 413 mill. kr.

**Kap. 5312 Den norske stats husbank***Post 90 Avdrag*

I posten inngår det rentestønad, som blir auka med 1 mill. kr. Derfor blir det foreslått at kap. 5312, post 90 Avdrag blir auka tilsvarende med 1 mill. kr, frå 9 310 mill. kr til 9 311 mill. kr, jf. omtale under kap. 2412, post 72

**Kap. 5615 Renter fra Den norske stats husbank***Post 80 Renter*

Renteposten blir direkte påverka av at 1 500 mill. kr av lånearamma ikkje blir brukt i 2007. Det blir foreslått å redusere renteposten med 36,5 mill. kr, frå 4 073 mill. kr til 4 036,5 mill. kr.

**Andre orienteringssakar**

Kommunal- og regionaldepartementet har motteke ei innbetaling på ca. 2,6 mill. kr frå Innovasjon Noreg på tidlegare gitt tapsløyving til lån gitt i 1990 og tidlegare. Innbetalinga skuldast blant anna tilbakebetaling på lån som tidlegare var avskrive som tap og endringar i tapsavsetjingane. Avhengig av tapsutviklinga kan det bli fleire år med tilbakeføring av midlar. Inntektene har tidlegare blitt ført på ein eigen post under Kommunal- og regionaldepartementet. Etter avslutning av fondsordningane, som galdt for perioden 1991–2002, vil dei årlege tilbakebetalingane bli på eit lågt nivå. Det er derfor ikkje formålstenleg å ha ein eigen post til slike tilbakeføringar. Inntekta blir derfor førd på kap. 5309, post 29 Ymse inntekter under Finansdepartementet.

Kommunal- og regionaldepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Kommunal- og regionaldepartementet.

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t a r :**

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Kommunal- og regionaldepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2007 under Kommunal- og regionaldepartementet**

#### I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
580	Bustønad		
	70	Bustønad, overslagsløyving, blir auka med.....	31 000 000
		frå kr 2 321 500 000 til kr 2 352 500 000	
587	Statens bygningstekniske etat		
	01	Driftsutgifter, blir auka med.....	4 700 000
		frå kr 38 767 800 til kr 43 467 800	
2412	Den norske stats husbank		
	72	Rentestønad, blir auka med.....	1 000 000
		frå kr 20 000 000 til kr 21 000 000	
	90	Lån til Husbanken, overslagsløyving, blir redusert med.....	675 000 000
		frå kr 11 088 000 000 til kr 10 413 000 000	

#### Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3571	Tilbakeføring av forskot		
(NY)	90	Tilbakeføring av forskot, blir løyvd med.....	27 209 000
3587	Statens bygningstekniske etat		
	04	Gebyr, sentral godkjenning verksemd, blir auka med .....	4 700 000
		frå kr 15 155 000 til kr 19 855 000	
5312	Den norske stats husbank		
	90	Avdrag, blir auka med.....	1 000 000
		frå kr 9 310 000 000 til kr 9 311 000 000	
5615	Renter fra Den norske stats husbank		
	80	Renter, blir redusert med .....	36 500 000
		frå kr 4 073 000 000 til kr 4 036 500 000	

*Andre fullmakter*

II

## Tillegg av stikkord

Stortinget samtykkjer i at løvinga under kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak, post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling får lagt til stikkordet «kan overførast».

---

---

